

Lindås kommune  
v/ Ordfører Astrid Aarhus Byrknes  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Bergen 30.04.2015

TV-aksjonen NRK Regnskogfondet

## Oppmoding om å opprette kommunekomiteé for TV-aksjonen NRK 2015

Tusen takk for innsatsen Lindås gjorde for TV-aksjonen i fjor! TV-aksjonen 2015 går til Regnskogfondet og saman skal vi bevare nokon av verdas største, samanhengande regnskogsområder i Peru, Brasil, DR Kongo og på øya Ny-Guinea. Desse områda er større enn Norge og Danmark til saman. Aksjonen vert helden søndag 18. oktober. Kommunekomiteen er avgjerande for å mobilisere organisasjonar, skular, næringsliv, foreiningar, idrettslag og bøssebærarar. **Vi håpar du vil medverke til at årets TV-aksjon blir ein knallsuksess ved å ta på deg vervet som leiar for kommunekomiteen i Lindås.**

Som leiar for kommunekomiteen er du ein dørøpna og eit ansikt utad for organiseringa av verdas største dugnad og innsamlingsaksjon. Komiteen bør også ha ressurspersonar frå kommune, skule, foreiningar og næringsliv som kan bidra til å engasjere frivillige og bøssebærarar til årets aksjon. Vedlagt finn du ein brosjyre med framlegg til oppgåver og roller som komiteen kan ta på seg for å mobilisere så mange lokale støttespelarar som mogleg. Ved å inkludere fleire menneske i komiteen som oppgåvene kan fordeles på, blir arbeidet lettare for kvart enkelt medlem.

Verdas regnskogar er under eit voldsomt press, og kvart minutt forsvinn store regnskogsområder – for alltid. Regnskogen forsyner verda med mat, vatn og medisinar, og bidreg til å regulere klimaet på kloden. Den er dessutan heimen til om lag 260 millionar menneske. Desse blir drivne ut i fattigdom om skogane vert raserte. Ved å bevare regnskogane, vernar vi også eit biologisk skattkammer som rømer 50 til 80 prosent av artane på landjorda.

Når kommunekomiteen er oppnemnd, ber vi om at samansetninga av denne fylles ut på vedlagte registreringsskjema og returnerast til fylkesaksjonsleiar **innan 2. juni. De mottek også denne sendinga elektronisk der alle vedlegg er med. Bruk gjerne denne til å fylle ut skjema elektronisk og sende attende på e-post.**

Hordaland og Bergen har slått saman sine aksjonskomitear, og no er det Bergen og byrådsleiar Martin Smith Sivertsen som har teke på seg å leie arbeidet. Fylkesaksjonskomiteen vil fungere som ein regional støttespelar i gjennomføringa av innsamlinga.

Vi gler oss til eit nytt og spennande TV-aksjonsår, og ser frem til eit godt samarbeid med dykk!

Med venleg helsing,

Laila Melkevoll – fylkesaksjonsleiar  
[hordaland@tvaksjonen.no](mailto:hordaland@tvaksjonen.no)  
Mobil: 930 34 668